

MILJØBLADET

HAUSTE

Juni 2019

VIINN EIN SYKKEL S.8



Kunnskap, **samarbeid** og innsats



Engasjerte tiåringar frå Giske, Sula, Skodje, Ørskog og Haram var med oss på Fjøresafari og strandrydding. **Side 2**

Kva er egentleg berekraft? **Side 4**

Matsvinn. Bruk sansane og bli kvitt datoskrekken. **Side 6**

La oss gjenvinne meir





Fjøresafari

- Ivrige barn og engasjerte voksne

Kunnskap, samarbeid og innsats er ord som beskriv dagen da over sytti tiåringar frå Skodje og Sjøholt var samla til fjøresafari på Sjøholt! Kvar kjem all plasten frå og kva skade gjer han for naturen og dyrelivet? I samarbeid med Atlanterhavsparken og Friluftsrådet, har ÅRIM reist frå kommune til kommune for å lære barn om marin forøpling og livet i havet.

Å kunne sjå samanhangen

Elevane sprang ivrige rundt i fjøra, fann krabbande liv under stein og tang, fylte sekkar med avfall, og fekk teori som knytte kunnskapen om liv i havet og marin forøpling saman.

- På denne måten oppfattar barna fort samanhangar, fortel Ingeborg Ukkelberg som er kommunikasjonssjef i miljø-selskapet ÅRIM. - Når dei ser fine sjøstjerner, krabbar og småfiskar, stemmer ikkje det med all plasten og avfallet som

ligg i den same fjøra. Å finne krabbar innsnøra i taustumpar gjer inntrykk.

- Mykje av tauverket kjem frå fiskeri, og er typisk i fjordar og langs kysten der det er mange småbåthamner og båtar, fortset Espen Mikkeltorg, som er miljørådgivar i ÅRIM.

- Tauverket er sterkt og tek lang tid å bryte ned i naturen. Tauet blir også rive opp til tynnare trådar, noko som er ei stor utfordring for fuglar som bruker det til å bygge reir.

Nebbet er verktøyet deira, og slik kan dei ikkje unngå å få i seg plast. Fordi plast ikkje blir brote ned, legg det seg i tarmane og hopar seg opp. Da kjenner ikkje fuglane at dei er svoltne og dermed kan dei dø.

- Det handlar om å finne løysingar og bli klare over kva kvar enkelt av oss kan gjere, seier akvarist Tommy Vangsmo frå Atlanterhavsparken.

- Absolutt alle i alle land kan gjere noko for å halde naturen rein og fin.



VIL DU RYDDE EI STRAND?

- 1 Registrer ryddeaksjon hos Hold Norge Rent og på ÅRIM si nettside.
- 2 Lever avfallet til ein bemanna miljøstasjon
- 3 Klapp deg sjølv på skuldra - du har gjort ein viktig innsats.

Sjå arim.no for meir informasjon



– På fjøresafarien skal vi finne så mange dyr, fiskar og planter som mogeleg og samtidig snakke om det som skapar problem, seier Rune Veiseth som også er akvarist frå Altlanterhavsparken.

Ann Helen Hellevik frå Sunnmøre friluftsråd er også oppteken av at folk skal vere meir ute i naturen og at vi skal halde fjøra rein.

Sjå kva eg har funne

– Vi har funne mest tau, fortel fleire av elevane. Dei er overraska over kor mykje tau og tråd som ligg i fjøra, til og med under tang og tare. Barna finn også mykje isopor og plast.

Elevane er stolte over kor mykje avfall dei samlar. Det som på avstand såg ut som ei rein og fin fjøra viste seg å vere mykje verre en kva ein skulle tru. Set ein seg ned på kne og ser, finst det avfall overalt.

– Mykje av avfallet vi finn i fjøra er små bitar, men når vi samlar det blir det fleire sekkar, fortel dei ivrige elevane.

– Det raraste vi har funne i dag er eit ferjekort, fortel ein av gutane. Nokre minutt etter kjem fleire andre elevar springande med ein søkkvåt bamse.

Alle kan gjere noko

– De som barn kan påverke dei vaksne til å bli meir bevisste, seier Ukkelberg. – Fortel dei kva de har lært i dag og ta dei med ut for å rydde i fjøra.

– Sjølv om vi kanskje ikkje meiner å fylle naturen med plast, gjer vi det likevel utan å vere klare over det, seier ho vidare.

Elevane vart overraska då dei hørde kor mykje plast som finnast overalt, til og med i klede, måling og i gummidekka på sykklar og bilar.

– Plast er fint og smart når vi brukar det, seier Mikkeltorg frå ÅRIM, – men det er trist når han hamnar i naturen. Kwart minutt hamnar 15 tonn plast i havet, til samanlikning er det same tyngda som på ein bossbil.

– Eit godt tiltak kan vere å rydde inn leiker og reiskap som er laga av plast før det skal bli storm og uvêr. Slik unngår vi at ballar, bøtter og spadar blir liggande i naturen og gjer skade, seier Mikkeltorg.

– Ein god regel som vi alle kan starte med, er at alt det vi tek med oss ut i naturen, skal vi ta med tilbake, seier Ukkelberg til slutt.

Fjøresafari er eit initiativ av Atlanterhavsparken Ålesund Akvarium, Sunnmøre friluftsråd og miljøsekskapet ÅRIM. I forkant av The North West - konferansen, tok selskapa med elevar frå skular i Giske, Ørskog, Skodje, Sula og Haram med på ein dag i fjøra.

Kva er egentleg berekraft?

Tiåringane sat med spisse øyre ved sjøen som glitra i sol, da ordførar i Skodje kommune, Dag Olav Tennfjord, fortalde om kva berekraft egentleg handlar om.



Frå venstre: Ingeborg Ukkelberg frå ÅRIM, Ann Helen Hellevik frå Friluftsrådet, Rune Veiseth og Tommy Vangsmo frå Atlanterhavsparken og Dag Olav Tennfjord, ordførar i Skodje kommune.

Elevane sat tett i tett etter å ha rydda Prestefjora i Ørskog, der ordførarane i Ørskog og Skodje også deltok.

– Når eg snakkar med besteforeldra dykkar, vil dei fortelje at dei er opptekne av korleis barnebarna har det. Dei ønskjer at de skal bu på ein stad det er bra å vekse opp. Da er det viktig å overlata jorda slik at generasjonane etter dei kan bruke ho vidare, fortalte Dag Olav Tennfjord.

– At de er med og ryddar i dag, gjer at vi no jobbar saman om å ordne opp i dei problema vi har med plast i havet, fortsette han.

Besøk hos FN

Nokre dagar tidlegare var Tennfjord på besøk hos FN i Geneve. Der vart det snakka om korleis teknologi frå Ålesund kan bidra til å nå berekraftsmåla i verda gjennom FN sitt Smart City program.

– Vi må jobbe både ute i verda og lokalt her vi bur, seier ordføraren. – Vi som bur i Ålesundsregionen har forplikta oss spesielt til berekraftsmål nummer 14, som handlar om livet i havet.

Så kjem renovasjonsbilen køyrande og barna spring for å kaste alt avfallet dei har rydda frå fjøra.

Noreg som maritim stormakt

– Det er stor spennvidde frå å snakke om berekraft hos FN til berekraft for tiåringar i Ørskog, smiler Tennfjord medan barna kasta avfallet i bilen.

– Dette er viktig for meg, som har vakse opp ved sjøen i Skodjevika. Det er ei sorg å sjå at det er mykje mindre torsk og brisling enn tidlegare, medan det no er meir makrell her. Det er tydeleg at noko har skjedd på kort tid.

Tennfjord ser ut over den blikkstilte sjøen.

– Som land er Noreg flink, men samtidig ein versting, fortel han. – Der andre land klarer å reduserer CO2-utslepp, har Noreg hatt oppgang. Vi er fem millionar menneske, men reiser med fly som om vi var femti. Det samla forbruket er svært høgt og gjer at vi har eit for stort miljøfotavtrykk.

Ordføraren i Skodje kommune fortel om samtalar med folk som har vore på sjøen

i tidlegare tider. På bakgrunn av desse er han glad for at norsk sjøfart no er meir miljøbevisst enn da dei kasta alt avfall over ripa. No har Noreg dessutan ei tydeleg stemme i internasjonale nettverk.

– Vi er ei maritim stormakt, og vi er på mange område komne lengre enn andre land. Når det gjeld avfallet som hamnar på strendene, må vi få ordningar som gjer det enkelt for dei frivillige som ryddar. Det må vere lett å bli kvitt avfallet, og vi må ha ordningar som fungerer.

Tennfjord minner om at mykje av det marine avfallet heller ikkje er å sjå, men ligg langt ute på havet.

– Det handlar om å bruke kloden utan å øydeleggje for neste generasjon. Å delta på strandrydding med barna i dag er å jobbe med berekraftsmåla i praksis, avsluttar han.

Lurt å vite!



Berre glas- og metall-emballasje i dunk med orange lokk

Andre typar metall, som panner, bildelar, verk-tøy og anna, skal til ein bemanna miljøstasjon. Dit skal også porselen, keramikk, pynt og andre knusande gjenstandar.



Hugs å knyte plastsekken med dobbel knute

Vi hentar plastemballasje og papir med samme bil og sorterer sekkane frå papiret etterpå. Har sekken dobbel knute så blir ikkje platen blanda med papiret. Heng sekken på kroken på dunken når det er hentetdag.



Nye plastsekkar

Treng du nye sekkar til plastemballasje? Knyt ein vanleg berepose på dunken, så får du ein rull med nye sekkar av renovatør. Andre typar plast skal leverast til ein bemanna miljøstasjon.



Den raude boksen

Boksen er ein påminnar for å sortere ut batteri, lyspærer og anna miljøfarleg avfall. Vi ser allereie resultat, og får mykje fleire innleverte batteri enn tidlegare. Lever innhaldet i boksen til ein bemanna miljøstasjon, eller når vi har innsamling av miljøfarleg avfall der du bur.

Ti år og klare for meir



Meir gjenvinning er resultatet etter ti år med ÅRIM. Innbyggjarane sorterar meir, og gjer sitt for at fleire produkt blir laga av gjenvunne material. No vil selskapet vidare.



Styreleiar, Reidar Andresen og dagleg leiar i ÅRIM, Øystein Solevåg.

- Folk sorterar og vi har fått meir avfall til gjenvinning, seier dagleg leiar i ÅRIM, Øystein Solevåg, fornøgd. Men vi har framleis ein veg å gå, fortset han.

Styreleiar gjennom fleire år, Reidar Andresen, er enig, og viser til stortingsmeldinga om avfall. Den seier at meir avfall skal gjenvinnast.

- Vi må rett og slett innsjå at avfall er ressursar som skal brukast mange gonger. ÅRIM si rolle er å skape systemet som legg til rette for dette, seier Andresen.

Han fortel vidare at han ønskjer heilheitlege løysingar for korleis avfall skal gjenvinnast i regionen. Ein tanke er å få sortert meir av avfallet som er samla inn. Eit lokalt ettersorteringsanlegg er blitt foreslått av fleire.

- Løysingane må følgje måla om auka gjenvinning. Eg er først og fremst oppteken av å redusere miljøbelastninga, at innbyggjarane opplever å få eit godt tenestetilbod, og at vi samtidig har ei fornuftig kostnadsutvikling. Nye tiltak er ikkje gratis. Men selskapet har kultur for å balansere utvikling av tenestetilbod og kostnader. Slik vil det også vere framover, seier Andresen.

Solevåg nikkar og legg til at ÅRIM sitt renovasjonsgebyr har følgd konsumprisindeksen gjennom ti år, samtidig som innbyggjarane har fått eit breiare tilbod. Han gir samtidig skryt til innbyggjarane som viser evne til å endre handlingsmønstre.

- Analysene vi gjer av avfallet vi samlar inn, viser at folk sorterar meir for kvart år. Det siste året har vi sett ein merkbar oppsving, avsluttar han fornøgd.

SPIS OPP MATEN



Bruk sansane og bli kvitt datoskrekken!

No kan du bli med og redusere matsvinnet ditt saman med familien Havre frå Bergen. Dei har bestemt seg for å bli matreddarar og vil gjerne ha deg med på laget.

Kva vil det seie å vere ein matreddar?

– Då bestemmer du deg for å ete opp all maten du kjøper. I tillegg er vi alltid på jakt etter mat som er prisa ned fordi den nærmar seg dato. Kvar og ein av oss kastar i snitt kvart år 42 kg mat som kan etast. Vi er ein familie på fire og fann ut at då kastar vi 168 kg matavfall i året. Det synest vi er alt for mykje og derfor vil vi gjere noko med det, fortel Mette Havre, mor i familien og primus motor for folkebevegelsen Spis opp maten.

Kvifor er det viktig å redusere matsvinn?

– Fordi maten som blir produsert set att eit klimafotavtrykk. I vår familie vil vi at det avtrykket skal bli minst mogleg.

Kva har de gjort heime for å redusere matsvinnet?

– Vi begynte med å ha ein restedag i veka. Hos oss er det torsdag. Då ser vi kva vi har i kjøleskapet eller frysaaren. Er det restar frå tidlegare i veka, så et vi dei opp. Dessutan er vi veldig flinke til å bruke

luktesansane våre, fortel Matilde på 12 år. Ho er heilt klar på at best før ikkje betyr dårleg etter.

På restetorsdag får også fruktskåla litt ekstra omtanke hos familien Havre. Ligg det brune bananar der så blir dei gjerne gjort om til bananboller. Då blir to bananar mosa og 2,5 dl havregryn blir rørt inn saman med litt kanel og rosiner. Bollane blir steikte på 180 grader i ca. 15 minutt. Familien Havre lovar at dei er supergode!



– Etter nyttår fann mamma fem kyllingfiletar, åtte koteletter, restar av suppe, pastasaus og mykje anna i frysaren. Då fann vi ut at vi må bruke det vi har og ete oss ut av frysaren også, fortel Oskar. Han er ni år og er blitt ein skikkeleg matreddar. Det beste tipset hans for å redusere matsvinn er å ta med seg restar i matboksen på skulen.

– Eg blir glad om vi har suppe igjen etter ein middag. Då varmar pappa den om morgonen og eg får den med meg på termos. Det er det beste eg veit, fortel han med eit stort smil. Mamma Mette er glad for at Oskar då får i seg maten og at termosen er tom når han kjem heim frå skulen. Mange familiar opplever at det ofte er mat igjen i matpakken til barna etter skulen.

– Vårt beste råd her er å la barna vere med sjølve og lage matpakken. Lag den kvelden før, gjerne med litt middagsrestar og grønnsaker! Dei blir stolte når dei lagar maten sjølve og da merkar vi at dei også et opp all maten på skulen, fortel Mette.

For familien Havre har det gått sport i å redusere matsvinnet.

– Til alle høgtider, bursdagar, vennebesøk og kvardagar så fokuserer vi på at maten skal etast opp. Vi serverer gjerne restemat. Folk blir ofte overraska over kor godt det smakar og kor enkelt det faktisk er å redusere eige svinn. Det handlar berre om haldningar og å droppe datoskrekken som mange har i Norge, fortel Mette.



TIPS FOR Å KASTE MINDRE MAT:

- Stol på sansane dine – sjå, smak og lukt på maten. All mat er stort sett like god etter dato.
- Ha oversikt i kjøleskap og frys. Det er ikkje alltid like lett, men litt struktur her reduserer matsvinnet.
- Gjer kampen mot matsvinn til ein familieaktivitet.
- Ta med deg restar til lunch på skulen eller jobb. Restemat er digg!
- Redd dei single bananene i butikken! Kvar dag blir det kasta rundt 60 000 bananar i Noreg. Sjå etter einsame bananar og vel dei når du handlar. Dette er ei matreddar-oppgåve barna liker å hjelpe til med.

Sjå, smak og lukt på maten



Det som ikkje er spiseleg sorterer du som **matavfall:**

Fruktrestar

Skrell

Bein frå kjøt og fisk

Eggeskal og nøtteskal

Skaldyrrestar


Kaffegrut, -filter og teposar

Tørkepapir med matrestar

... og matrestar du ikkje kan spise.



Det er berre matavfall som skal i dunk med grønt lokk.




Treng du nye grønne posar?

Knyt ein grøn pose på dunken. Dette er ein beskjed til renovatør om å legge igjen ein rull med posar. Du kan også hente posar hos ÅRIM.

VINN EIN SYKKEL!

Finn løysingsordet og bli med på trekkinga av ein flott sykkel.



1 Kva betyr marin forsøpling?

ALT 1
Avfall som er i havet

ALT 2
Fiskebæsj

ALT 3
Alt blått avfall

2 For å minske forsøpling i havet så hjelper det med?

Mindre mat

Strandrydding

Meir fisk

3 Kvifor spiser fisk og dyr plast?

Dei trur det er mat

Dei rydder havet

God smak

4 Kvar i dyr og fisk finner vi desverre plastpartiklar?

Nesa

Munnen

Fordøyelsen

Løysingsord: _____

Send løysingsordet, namn og telefonnr til post@arim.no. Du kan også sende det til Langelandsvegen 1, 6010 Ålesund. Trekking 20. juni

Vil du samarbeide med naboen om felles avfallsutstyr?

Samarbeidsløysingar sparer plass, er meir estetisk, reint og ryddig, gir betre brannsikkerheit og mindre trafikk. Årim hentar avfall frå tre typar avfallsøysingar:

Dunkar

- Den mest brukte løysinga. Fleksible og lette å plassere.
- Enkelt å justere dimensjonering etter behov.
- Eignar seg for små og store samarbeid, frå to husstandar og fleire.

Bakkekonteinarar

- Godt eigna for store, tettbygde felt.
- Aktuelle for enkelte område med meir enn tjuefem brukarar.

Avfallsbrønner

- Det finst både heilt og delvis nedgravne brønner.
- Val av type brønn må avklarast med ÅRIM.
- Finst i ulike volum, vanlegvis 3-5 kubikk per brønn.
- Avfallet ligg lagra kjølig under bakken.

Slik går du fram:

- 1 Vurder kor mange husstandar som kan bruke samlepunktet.
- 2 Vurder kvar felles punkt kan stå. I større byggjefelt kan det vere aktuelt med fleire samlepunkt.
- 3 Snakk med naboar, burettslag eller sameige for å vite kva interessen er. Del informasjonen med dei.
- 4 Avklar med grunneigar kvar punktet kan stå.
- 5 Kontakt ÅRIM for rådgiving og eventuell befaring. ÅRIM kjem med tilråding om løysing og framdrift.



Har du spørsmål eller tilbakemeldingar?

Kontakt oss gjerne på 70 31 41 00, post@arim.no eller Miljøsekskapet ÅRIM på Facebook.